



Naustdal Kommune  
Postboks 43  
  
6806 NAUSTDAL

Sakshandsamar: Hanne Marie Utvær  
Telefon: 95401203  
Seksjon: Region Vest forvaltningsseksjon  
Vår referanse: 09/14484 -15 624  
Dykkar referanse:  
Vår dato: 10.09.2010  
Dykkar dato: 01.07.2010

Att:

## NAUSTDAL KOMMUNE SOGN OG FJORDANE - REGULERINGSPLAN FOR UTVINNING AV RUTIL I ENGEBØFJELLET - MOTSEGN

Viser til motteke brev med dato 01.07.2010, 2. gangs utlegging av reguleringsplan for utvinning av rutil i Engebøfjellet, Naustdal kommune.

Fiskeridirektoratet region Vest forvaltar fiskeri- og akvakulturverksemda i Sogn og Fjordane og i Hordaland. Gjennom forvaltninga skal Fiskeridirektoratet arbeide for at fiskeri- og oppdrettsnæringa har ei berekraftig utvikling ved å arbeide for at tilhøva ligg til rette for utvikling og vekst innafor råmer som tek vare på miljø og ressursar for komande generasjonar.

Frå Prop. 1 S (2009 – 2010) (budsjettproposisjonen) for Fiskeri- og kystdepartementet er målsetningen for Fiskeridirektoratets arbeid med kystsoneforvaltning definert som følger: *"Fiskeridirektoratet skal utvikle rollen som inkluderende totalforvalter gjennom arbeidet i hav og kystsona. Direktoratet skal gjennom gode prosesser sikre at ulike brukere, medregnet allmennheten, får adgang til å benytte felles ressurser både til havs og i kystsona på en bærekraftig måte.*

Vidare heiter det mellom anna at:

*"Fiskeridirektoratet skal fremme havbruks- og fiskerivirksomhet der disse står for den samfunnsmessig beste og mest bærekraftige utnyttelsen av havet og kystsona. Direktoratet skal ha effektiv dialog med alle relevante myndigheter, nærings- og interesseorganisasjoner om marin arealforvaltning, og delta på en hensiktsmessig måte i kommunale, fylkeskommunale og statlige planprosesser.*

*Fiskeridirektoratet skal delta i areal- og verneplanprosesser for å sikre areal til høsting av naturressurser og matproduksjon i sjø innenfor bærekraftige rammer. I forhold til kystsona må dette ses i sammenheng med forskrift om rammer for vannforvaltninga (implementeringa av EUs vannrammedirektiv) og kartlegging av marint biologisk mangfold i kommunene. I tildelingsbrevet for 2010 heiter det mellom anna at "Fiskeridirektoratets målsetning for arbeidet med marin arealforvaltning er å arbeide for en balansert og bærekraftig utnyttelse av arealer, med utviklingsmuligheter for fiskeri- og havbruksnæringen."*

Retningslinjer for motsegn er gjeve i Jfr. T-5/95 - Retningslinjer for bruk av innsigelser i plansaker etter plan- og bygningsloven.” i kap. 1, 4. avsnitt heiter det ”Adgang til å gjøre innsigelse omfatter bare viktige konfliktsaker som ledd i planprosessen, etter at ordinær medvirkning er gjennomført. Berørte statlige fagorgan, fylkeskommune og nabokommune har adgang til å gjøre innsigelse der kommunale planer er i strid med nasjonale og viktige regionale interesser. ”

Fiskeridirektoratet region Vest uttalte seg til reguleringsplanen ved første gangs utlegging på bakgrunn av dei opplysningar som var kjende på det tidspunkt. Jf. vårt brev av 10.09.2010. I ettertid er det kome nye urovekkande opplysningar som vedkjem vårt ansvarsområde, om mogelege konsekvensar av planen og tiltaket. Vi vil derfor i denne uttalen legge størst vekt på desse opplysningane og konsekvensane dei kan få for fiskeri- og akvakulturnæringa i området og det marine biologiske mangfaldet.

Denne uttalen kjem i tillegg til dei moment som er fremja i vår uttale av 10.09.2010.

Fyrst ein kort gjennomgang av våre interesser i området, så ei vurdering av konsekvensane tiltaket vil få opp mot regionale og nasjonale interesser innanfor vårt forvaltningsområde.

#### Akvakulturverksemd

Frå innløpet til Førdefjorden der Stavfjorden og Brufjorden møter Førdefjorden og inn til Ålesundet, finn vi fem akvakulturlokalitetar. Desse er frå vest; lokalitetane Kviteskjeret, Storevik, Skorva og Dyvika som alle produserar matfisk av laks, aure og regnbogeaure og lengst inn lokalitetane Kvammen og Russenes som har løyve til produksjon av matfisk av torsk.

I tillegg er det fem lokalitetar ved Svanøya i Flora kommune som ligg nær innløpet til Førdefjorden. Desse produserar matfisk av laks, aure og regnbogeaure, i tillegg er det gjeve løyve til produksjon av stamfisk- og settefisk av laks, aure og regnbogeaure i området. Fortøyingar til akvakulturanlegget i Dyvika vil gå ut i deponiet. Etter kvart som fortøyingane vert nedslamma vert det umogleg å halde tilsyn med fortøyingane til anlegget. Dette kan føre til stor fare for rømming av fisk.

Alle lokalitetane i området er eigd av små lokale selskapa som berre har drift i dette området. Dei vil difor bli sterkt skadelidande om dei må flytte frå området enten det er på grunn av omdøme eller på grunn av miljøtilhøva, vi viser her til uttale frå Mattilsynet.

#### Fiskeri og marinbiologisk mangfald

I Førdefjorden har vi registrert eit rekefelt som går der deponiet er planlagd. I dette området er det og fiske av botnfisk som breiflabb og skolest. Det blir også fiska etter andre fiskeslag, som brisling, sild og makrell og det er registrert fleire område for låssetting i tilknytning til desse fiskeria (av nasjonal verdi) i nærområdet til deponiet.

Dette er opplysningar som var kjende i samband med første høyringsrunde.

No har vi nye opplysningar når det gjeld det marine miljøet i tiltaksområdet.

Grytelva og tildels Redalselva er viktige oppvekstområde for ål. Det er sett i gang forvaltningstiltak for å ta vare på og bygge opp ressursen. Det er i dag forbode å fiske etter ål i heile Noreg.

I ettertid har vi og motteke opplysningar som tyder på at Førdefjorden utanfor Russeneset er ein rik fjord med tanke på at mangfaldet av fiskeslag er stort. Fiskeristyresmaktene har under utarbeiding ”Heilskapeleg forvaltningsplan for kysttorsk sør for 62°N”. Føremålet er å bygge opp bestandane av kysttorsk på Sør- og Vestlandet. Planen omfattar strakstiltak, men også meir drastiske tiltak dersom den negative utviklinga ikkje er snudd i løpet av 3–5 år.

Forvaltninga har til no sett i verk tiltak for bevaring av gytefelt, vedtak om minstemål og forbod mot lysfiske.

Som ledd i kartlegging av innslag av rømt oppdrettstorsk i kysttorsk bestandane, har HI samla data frå ulike stader langs kysten. I den samanheng har dei og hatt i oppdrag å undersøke gyteplassar som tidligare har vært kartlagt av regionkontora. Resultat frå årets kartlegging viser at Gjelsvika og området innanfor Grytaskjeret (Redalsvika) er sær gode gyteområde (og oppvekstområde) for kysttorsk og at Redalsvika også er eit viktig oppvekstområde for torsk. Gjelsvika er ikkje undersøkt med omsyn på om det er oppvekstområde. Rekruttering til kysttorsk bestanden (er) verkar å være betre i Førdefjorden enn i de andre fjordane og pollane som har vært undersøkte i regionen.

Ut frå dei opplysningar som no ligg føre, meiner vi at dersom det blir gjeve løyve til dumping av masser i fjorden som omsøkt, vil Førdefjorden vil bli sterkt svekka som rekrutteringsområde for kysttorsk. Vi visar her til uttale frå HI og sluttar oss til denne. Det er opplyst at det går opp ål i Grytaelva og Redalselva. Ål er rekna som ein kritisk trua art. Fiskeristyresmaktene har innført forbod mot fiske av ål i Noreg for å bidra til å ta vare på og bygge opp bestanden. Det er ikkje kjent om dumping av masse i Førdefjorden kan få verknad for ålen sin vandringsrute.

Det er eit stor mangfald av fiskeslag i Førdefjorden. HI har i sin uttale kommentert disse og moglege konsekvensar for dei ulike artene. Dei har i si uttale lista opp ytterlegare tre trua arter, blålange, uer og pigghå som har leveområde i fjorden. Vi viser til uttale frå HI når det gjeld moglege konsekvensar for fiskebestandane i området.

HI har no fått verifisert gytefelta i Førdefjorden og ser ut frå undersøkingar at det største gytefeltet som ligg like ved tiltaksområdet i tillegg er eit oppvekst område for kysttorsken. I saksutgreiinga til kommunen kan vi ikkje sjå at det er kommentert kva negativ effekt tiltaket vil ha på villtorsk som gyter både i Redalsvika og i Gjelsvika. Med dei nye opplysningane vi no har om desse gytefelte og særlig om gyte- og oppvekstfeltet i Redalsvika saman med den nye forvaltningsplanen Fiskeridirektoratet har laga for kysttorsk sør for 62° breiddegrad vil vi på det sterkaste rå frå at tiltaket vert gjennomført som søkt om. Vi kan heller ikkje sjå at konsekvensane for ferskvatn som går ut i Redalsvika er tilstrekkeleg utgreia med omsyn til effektane på yngel.

#### Deponiområdet

På folkemøtet i Askvoll 01.09.2010, kom det fram at kartgrunnlaget som var brukt av tiltakshavar for berekning av deponiområdet ikkje stemmer overeins med Olex kart. Olex(kart) vert brukt av akvakulturnæringa for å få detaljkunnskap om botntilhøva ved anlegga sine. Opplysningar frå Olex karta tyder på at utforminga av fjordsidene og botntilhøva i deponiområdet og vestover gjer at det er større usikkerheit rundt spreining av partiklar utover i fjorden og i vasslaga. Tilhøva med vindstyrke og vassutskifting kombinert med at terskelen inn til Førdefjorden er veldig djup, gjer at vi ser faren for stor vassutskifting med etterfølgjande partikkelspreiing til å vere svært stor. Vi støttar oss på uttala frå HI i dette emnet.

## **Motsegn**

I vår tilråding i første runde uttala vi følgjande:

*”Fiskeridirektoratet Region Vest frykter negative effekter av gruvedrift og deponi på det marine miljø, viltlevende laksefisk og oppdrettsfisk. Dette er effekter som er vurdert, men ikke dokumentert gjennom forutgående KU. Vi forutsetter at dersom det blir gitt tillatelse til gruvedrift og deponi, blir det utarbeidet et langsiktig kunnskapsbasert overvåkningssystem der man kan få dokumentert eventuell effekt på disse områdene. Det må også legges forutsetninger til grunn for tillatelsen som gir mulighet til å stoppe/regulere driften dersom uønsket effekt blir dokumentert. ”*

I ettertid er det kome fram opplysningar som styrker vår uro for effekten av den planlagde arealbruken. Bruk av fjorden som deponi av gruveslam vil ut frå den kunnskap vi har i dag, få urovekkande verknad på det marine miljøet, det biologiske mangfaldet i fjorden og på kysttorsken som ressurs.

Naustdal kommune har i si saksutgreiing ikkje teke omsyn til følgjene djupvassdeponiet, utslipp ved bruk av ferskvatn og sprenginga, vil få for gytedefeltet for kysttorsk innafor Grytaskjeret/ i Redalsvika og for ål i Grytelva og i Redalselva.

Konsekvensutgreiinga som er gjennomført har etter vårt syn ikkje fått fram tilstrekkeleg med opplysningar om partikkeldrift og effekt på viktige bestandar av fisk. Det knyter seg også usikkerheit i høve til effekt for andre sårbare fiskeslag, botntopografi, utslepp av ureina vatn i gyteområde og partikkelspreiing. Dette er moment som må utgreiast vidare.

Dei nye opplysningane som no ligg føre om verdien av gytedefelta for torsk i Redalsvika og Gjelsvika samt mogeleg effekt på andre verdfulle fiskeslag i Førdefjorden må utgreiast vidare. Mangel på kunnskap bør ikkje føre til at reguleringsplanen blir godkjend før kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg. (Viser til naturmangfaldslova §§ 8 og 9 om kunnskapsgrunnlaget og føre var prinsippet.)

På bakgrunn av det som står over og med den usikkerheit som knyter seg til effekten av tiltaket som planen skal danne grunnlag for, meiner Fiskeridirektoratet region Vest at planen strir mot viktige regionale og nasjonale interesser.

*Brevet er elektronisk godkjent og vert sendt utan signatur.*

Med helsing

Hans Haddal  
Regiondirektør

Kari Morvik  
Seniorrådgjevar